



KYSTVERKET

Vest

Fylkesmannen i Hordaland
postmottak@fmho.no
(Kaigaten 9, 5020 BERGEN)

Dykkar ref: Vår ref: Arkiv nr: Sakshandsamar: Dato:
2012/4559-10 John Morten Klingsheim 09.09.2014

Motsegn til planforslag - kommuneplanen sin arealdel 2014 - 2026 - Fjell kommune - Hordaland fylke

Me viser til brev av 3.7.2014 der Fjell kommune legg planforslag ut til offentleg ettersyn med frist 11.9.2014.

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning og sjøverts samferdsle. Etaten er eit forvaltningsorgan underlagt Samferdselsdepartementet, og har det faglege ansvaret for sikker og effektiv sjøtrafikk i norske farvatn og hamner.

I kommunale arealplanprosessar etter plan- og bygningslova deltar Kystverket for å ivareta sikker og effektiv sjøtrafikk, og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet, samt effektiv hamneverksemd.

Motsegn

I Fjell kommune går hovudleia for sjøtrafikken nord og sør fra Bergen, nordover gjennom Hjeltefjorden og sørover gjennom Vatlestraumen. I tillegg er det fleire registrerte bileier i kommunens farvatn. Hovud- og bileier er teikna inn i kommunens plankart med streksymbol som Kystverket krev, men dei er ikkje i samsvar med Kystverkets ajourholdte oversikt. Kystverket forusetter at leiene vert justert i samsvar med gjeldande farledsforskrift (sjå vedlagt kartutsnitt). Dette datasettet kan ein mellom anna lasta ned frå Kystverket sine nedlastingssider:

<http://nedlasting.kystverket.no/> (fungerer best i nettlesarane Google Chrome eller Firefox).

Teiknforklaringa til plankartet må oppdaterast i samsvar med Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister. Rett namnsetting på leiene er "farled" der det tidlegare vart nytta "skipsløi". Kystverket vil og sterkt oppmøde til at det vert tatt inn ei føresegn som forklarer kva farledsstrekene i plankartet inneber, gjerne i del 3 som går på samferdselsanlegg:

"Hovudleier og bileier er tatt inn i plankartet som linjesymbol – Farled (SOSI kode 1161) i samsvar med Kystverkets registreringar og farledsforskrifta. Streken må ikkje tolkast som ein definert avgrensing av farleienes omfang. Sjøtrafikkens arealbehov varierar ut frå trafikkbilete, farvatnets utforming, natt- og dagseilas, og vermessige forhold."

Vest - Plan- og kystforvaltningen

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon: +47 07847 Telefaks: +47 70 23 10 08 Bankgiro: 7694 05 06766	Internett: www.kystverket.no E-post: post@kystverket.no Org.nr.: NO 874 783 242
----------------------	---	--	--

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Kystverket har saman med kommunen ansvaret for å sikre naudsynt areal til sjøtransporten. Viktig areal for sjøtransporten inkluderer areal i hovudleier og bileier i tillegg til viktig hamneareal og viktige ankringsområder. I planforslaget har kommunen lagt inn mange areal avsett til fiskeriformål der fiskeri skal ha høgaste prioritet, jf. planførsegnene del 6, pkt. 6 om fiskeri. Fleire av desse areaala ligg klart ut i hovudleier og bileier. Desse areaala må også ha formål farled/ferdsel om Kystverket skal kunne akseptere planforslaget.

Dette gjeld:

- Tre fiskeområde i Hjeltefjorden,
- Store deler av fiskeområde som kjem inn i Hjelmehalsen – Landroosen, og opp til Geitarøyna.
- Eit fiskeområde i Eidesosen.
- Fiskeområde som går frå Tjørnøyna og sørover til Hissøyna.
- Tre fiskeområde som ligg utanfor grunnlina.

Desse fiskeområda som ligg i hovudleia og bileier må ha formål farled eller ferdsel i kombinasjon med fiskeri slik at sjøtransporten og har høgaste prioritet i desse viktige leiene.

Andre innspel

Planforslaget viser ikkje til om areal til akvakultur omfattar areal til fortøyninga til anlegga. Særleg to større areal på vestsida ligg tett til bileier. Fortøyninga til desse anlegga må ikkje plasserast i konflikt med ferdsel i leiene, og plassering av fortøyninga vil måtte avklarast ved Kystverkets handsaming av konkret søknad etter hamne- og farvasslova.

Planomtalen har i kapittel 4.8 ein omtale av fiskeri og akvakultur i planen. Det er her naturleg at ein og viser til fiskerihamner i kommunen som er utbygd med statlege molo-anlegg og kaianlegg. Fiskeriinteressene skal ha prioritet i desse hamnene jf. hamne- og farvasslova § 28, og klausulerte arealer i hamnene. Me vil sterkt anmode om at dei statlege fiskerihamnene i Fjell kommune vert vist til i dette kapittelet og at ein viser til at fiskeri-interesser skal ha prioritet her. Dette gjeld hammeanlegg i Nordre Eidsvåg, Solsvik, Misje, Turøyvågen og Hitsøy. Hammeanlegga bør markerast i plankartet med FH for å sikre god forvaltning av desse.

Kystverket har utover dette ingen merknader til planforslaget.

Med helsing

Knut Stenevik
avdelingssjef

John Morten Klingsheim
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi:

- Bergen og Omland Havnevesen. bergen.havn@bergen.kommune.no
- Fiskeridirektoratet Region Vest, postmottak@fiskeridir.no
- Fylkesmannen i Hordaland v/Egil Hauge, fmhoeha@fylkesmannen.no

Vedlegg:

- Kartutsnitt med hovudleier og bileier og fiskerihamner i Fjell kommune.

Vedlegg: Kartutsnitt av hovedleier og biledier og fiskerihamner i Fjell kommune

